



SAKSFRAMLEGG

74/6 - Flatdal skule - Budsjetthandsaming etter gjennomført anbodskonkurranse - justering av tidlegare løyvingar

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyre		18.08.2022

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyre vedtar å bygge ut Flatdal skule – ombygging, oppgradering av dagens skule og oppføring av tilbygg.

1. Investeringsprosjekt for ombygging og nybygg Flatdal skule vert vedteke med ein samla brutto kostnad (inkl. mva.) på kr 47.671.000, derav kr 1.086.000 ført i rekneskapen for 2021.
2. Netto kostnad, etter fråtrekk av momskompensasjon og tilskot frå Miljødirektoratet, vert kr 38.103.000, derav kr 655.000 i 2021.
3. Opphavleg budsjettløyving for 2022 på kr 12.500.000 (brutto) vert ikkje endra.
4. Attståande brutto kostnad på kr 34.085.000 vert ført opp og finansiert i komande økonomiplan for 2023-2026 i investeringsbudsjettet for 2023.

Innleiing:

Seljord kommune har gjennomført anbodskonkurranse for ombygging, oppgradering og oppføring av tilbygg for Flatdal skule . Vedtak den 17.03.22 i Kommunestyre seier at den økonomiske ramma for prosjekter er kr 33,5 mill. eks mva.

Fakta:

Kommunestyre sitt vedtak den 17.03.22 i utvalsak 15/22 er:

Kommunestyret vedtar å bygge ut Flatdal skule med ombygging av dagens skulebygg og oppføring av tilbygg slik revidert planløyving viser innafor ei økonomisk ramme på kr 33,5 mill eks mva.

Investeringa finansierast med eit låneopptak.

Energikrav til ombygging og tilbygg for forprosjektet vidareførast.

Anbodsinnbyding for totalentreprise kan utarbeidast, i samsvar med Kommunestyrevedtak i utvalsak 79/21 den 07.10.21.

I anbodgrunnlaget er det opplyst om at byggetida er frå 01.09.22 – 01.12.23 – dvs. 15 mnd. Seljord kommune mottok 2 tilbod. Begge tilboda fører til at det er naudsynt å auke den totale økonomiske ramma.

Vurdering:

Anbudskonkurransen vart gjennomført i perioden 20.05 – 31.06.22 med tilbod slik:

Tilbydar nr 1	KTS-Bygg AS – Norgeshus (KTS)	kr 33 981 639 eks mva.
Tilbydar nr 2	Telemark Bygg Entreprenør AS (TBE)	kr 39 200 000 eks mva.

Etter kontroll rekning og justering av totalsummen slik at alle delsummer er medtatt er tilboda slik.

Tilbydar nr 1	KTS	kr 34 054 125 eks mva
Tilbydar nr 2	TBE	kr 39 702 960 eks mva

I anbudsgrunnlaget er det bedt om pris på timesatsar for ulke fagarbeiderar med antall timar som skal med i tilbodssummen. Det også tatt med eit beløp for materialinnkjøp der tilbydar skal oppgje påslagprosent for slik leveranse. Tilbydar nr 1 har for desse delsummer ein pris på kr 722 970 eks mva.

I anbudsgrunnlaget er det også medtatt 6 opsjonar. To av desse ynskjer kommunen å bestille som installasjon av solceller på tak og teleslynge i aula/auditorium.

Opsjonen for HCL-belysning (Human Centric Lighting – menneskeorientert belyning som er tilpassa solas gang, intensitet og ljofsarge, er ikkje aktuelt å bestille.

Papptekking på tak i staden for takstein er kostnadsaukande og vil ikkje bli bestilt.

Nye persiennar i staden for gjenbruk er ikkje avklart ennå.

Opsjon på etablering av skulebrakker som medfører utvida bruk av Samfunnshuset er ikkje avklart ennå. Ei eventuell bestilling medfører at totalentreprenøren får tilgang på ombygging og rehabilitering av dagens skule samtidig med tilbygget. Dette gir 4 veke kortare byggtid.

Opsjonspriser er kr 900 000 eks mva. Flatdal oppvekstsenter trenger litt meire tid for å kunne ta ei avgjer. Forventar ei eventuell avklaring innan 01.09.22.

Justerer vi tilbodssummen slik at summen for timearbeid og material leveransar ikkje er medtatt, men at opsjonar for solcelleanlegg og teleslynge er medtatt, vil tilbodssummane bli:

Tilbydar nr 1	KTS	kr 31 473 674 eks mva
Tilbydar nr 2	TBE	kr 38 290 910 eks mva.

Det er gjennomført ei evaluering i samsvar med tildelingskriterier (pris 70% og kvalitet 30%).

Tilbydar nr 1 KTS har gitt det mest fordelaktige tilbodet.

Det er gjennomført avklaringsmøte med denne tilbydar og det har ikkje kome fram opplysningar som endrar denne evalueringa.

Med atterhald om at naudsynte økonomiske rammer blir godkjent av Kommunestyre og at eventuelle klager på tildelinga ikkje fører fram i KOFA (klageorganet for offentleg anskaffelse) har vi orientert KTS at Seljord kommune har til hensikt å inngå kontrakt med KTS for Flatdal skule.

I kostnadsgrunnlaget Rådmann valgt å ta med opsjonspris for skulebrakkerigg/tilgang på heile byggeriet med kortare byggtid.

Vinteren 2021 starta arbeidet med å utarbeide eit forprosjekt Flatdal skule. Forprosjektet vart ferdig på forsommaren same år. Kommunestyre handsama forprosjektrapporten i møte den 17.06.21. Kostnadane med forprosjektet er bokført med kr 1086 000 inkl mva.

Desse kostnadar er finansiert med eit tilskot frå Miljødirektoratet på kr 300 000.

Kommunestyre den 17.06.21 vedtok å gjennomføre ein marknadssdialog og bad rådmann om å legge fram ei sak om endeleg omfang og val av anbodstype .

Kommunestyre den 07.10.21| vedtok å arbeide vidare med forprosjektet for å synleggjere kva skule bygget skal innehalde som materialval, overflatebehandlingar, justering av rom- og planløyningar. Innspela frå marknadssdialogen må vurderas i denne fase. Anbodsinnbyding for totalentreprise kan så utarbeidas.

Dette arbeidet er gjennomført seinhausten 2021 og vinteren 2022. Arkitekt og konsulenttenester for revidering av teikningsgrunnlag og utarbeiding av funksjonsomtale for anbudsgrunnlaget er

kr 324 443 eks mva.

Totalkostnadar etter gjennomført anbodskonkurranse og revidering av forprosjektet/utarbeiding av anbudsgrunnlag for totalentreprise

FAG / TENESTER	REVIDERT FORPROSJEKT	ETTER TILBOD INNLEVERING
Bygningsmessige arbeider	27 940 200	21 522 898
Bestilte opsjonar		302 947
Varme-, ventilasjon- og sanitæranlegg	1 300 000	5 259 010
El-arbeid, SD-anlegg	1 472 000	3 198 819
Arkitekt og bygningskonsulent	Inkl.	1 190 000
Sum bygningsarbeider eks mva	30 712 200	31 473 674
Usikkerhet, forventa tilleggsarbeid	2 810 200	1 500 000
Ombygning i Flatdal samfunnshus til barnehagebruk	Inkl.	250 000
Opsjon skulebrakker, tilgang ombygging ved oppstart, 4 veker kortare byggetid		900 000
Inventar		500 000
Byggeleiar		800 000
Lønn- og prisstigning i byggetida		800 000
Finanskostnader i byggetida		600 000
Kostander i 2022 , revidering av forprosjekt		324 443
Kunstnerisk utsmykking		300 000
Sum eks mva		5 974 443
Totalsum eks mva	33 522 400	37 448 117
Totalsum inkl mva	41 903 000	46 585 146

Kostnadsaukinga utgjer kr 3 925 717 eks mv. Inkl. mva er beløpet kr 4 682 146.

I denne oversikt er kostander for utarbeiding av forprosjektet utført i 2021 ikkje medtatt.

Budsjett og finansiering

Tar vi omsyn til kostnaden for tenester utført i 2021 og fordeler kostnadane etter årsfordeling vil kostnadsbilde vere slik:

Flatdal skule	2021	2022	2023	Sum
Bruttokostnad (inkl. mva.)	1 086 000	12 500 000	34 085 000	47 671 000
Moms.kompensasjon	-131 000	-2 500 000	-6 637 000	-9 268 000
Tilskot Miljødirektoratet	-300 000	0	0	-300 000
Nettokostnad	655 000	10 000 000	27 448 000	38 103 000
Nettokostnad 2022/2023		37 448 000		

Investeringsprosjekt for Flatdal skule – ombygging, oppgradering og tilbygg har ei samla brutto kostnad på kr 47 671 000 og kr 38 103 000 netto (etter fråtrekk av momskompensasjon og tilskot frå Miljødirektoratet).

Opphavelag budsjettløyving i 2022 på kr 12 500 000 (brutto) vert ikkje endra.

Brutto kostnad i 2023 på kr 34 085 000 vert ført opp og finansiert i investeringsbudsjettet for 2023.

Driftskostnader for Flatdal oppvekstsenter i byggetida.

Einingsleiar for oppvekstsenteret har tatt ei vurdering om byggeprosjektet vil medføre endra kostnader for skuledrifta. Einingsleiar meiner at gjeldanes budsjett i 2022 er tilstrekkeleg for å dekke året skuledrift også i byggetida for 2022.

For 2023 vil året driftsbudsjett dekke driftskostnaden dersom nivået på årets budsjett blir vidareført for 2023 justert for løns- og prisstigning, med unntak av reinhald. Må gå utifrå at reinhaldet må utvidas noko då skuledrifta vil pågå inntil ein byggeplass.

Eventuell auking av driftsbudsjettet må vurderes under budsjettbehandling for 2023.

Konklusjon:

Flatdal skule treng ei opprusting som gir ein framtidretta skule og ei skuledrift som tilfredstillar dagens krav til gjeldande lover og forskrifter for skulebygg og skuledrift.

Rådmannen anbefaler difor kommunestyret å vedta å bygge ut Flatdal skule med ombygging, oppgradering av dagens skulebygg og oppføring av tilbygg slik revidert planløyning i samsvar med vedtak i Kommunestyre i sak 15/22 den 17.03.22 med dei kostnadsrammer og med den finansiering som kjem fram i dette saksframlegg.

Vedlegg

- 1 Tilbodsgrunnlag nye Flatdal skule



SELJORD KOMMUNE

**OPEN TILBODSKONKURRANSE
SOM
TOTALENTREPRISE
FOR
OMBYGGING – REHABILITERING – TILBYGG**

PROSJEKT:

FLATDAL SKULE

OMBYGGING, REHABILITERING OG TILBYGG

Tilbodsinnbyding, tilbudsskjema

og

kontraktsvilkår



INNHALD

- 1. INNBYDING OG ORIENTERING**
- 2. TILLEGG SOPPLYSNINGAR**
- 3. KVALIFIKASJONSKRAV**
- 4. TILDELINGSKRITERIER**
- 5. FORHOLD TIL PLAN- OG BYGNINGSLOVA**
- 6. KVA SKAL LEVERAST**
- 7. TILBODSBEFARING**
- 8. INNLEVERING / FRIST FOR VEDSTÅING**
- 9. TILBODSOPNING**
- 10. TILBODSSKJEMA**
- 11. UNDERENTREPRENØRER OG SAMARBEIDANE FIRMA**
- 12. REGULERING AV KONTRAKTSUMMEN**
- 13. TIMESATSAR FOR TILLEGG SARBEIDAR**
- 14. TILLEGG SARBEID FOR MATERIAL LEVERANSER**
- 15. ATTERHALD / ENDRINGAR / ALTERNATIV**
- 16. ANDRE OPPLYSNINGAR**
- 17. OPSJONAR**
- 18. UNDERSKRIFT AV TILBYDAR**
- 19. ORIENTERING OM PROSJEKTET**
- 20. OMFANG AV TENESTA**
- 21. KONTRAKTVILKÅR**



Vedlegg:

Byggherrens SHA – plan
Miljøsaneringsplan med analyserapporter
Beskrivelse bygning
VVS-tekniske installasjoner – vedlegg V2
Elektrotekniske installasjoner – vedlegg V3
Notat brannstrategi
Teikningar

- Situasjonsplan
- Utomhusplan med riggpnråde
- Plan 1 etg og 2 etg
- Riveplan 1.etg og 2 etg
- Snitt A-B-C
- Fasader – 2 teikningar
- 3D perspektiv fasader – 6 perspektiver
- Overflatebehandlinger 1 og 2 etasje
- Himlingsplan 1 og 2 etasje
- Brannteikningar RIBR 1 og 2 etasje

Kommunale vassledningar ved Flatdal skule
Skisser av private vassledningar – 2 skisser
Kart over kabelanlegg
Forprosjekt Flatdal skule dagsett 01.06.21
Energirapport Flatdal skule dagsett 11.05.21
Teknisk tilstandsanalyse Flatdal skule dagsett 19.05.21
Kommunestyresak med vedtak den 17.03.21
Ethiske retningslinjer for bygg og anleggskontrakter og kontrakter innafor kjøp av varer og tenester



1. INNBYDING OG ORIENTERING

Med atterhald om at vedtatt løyving er tilstrekkeleg for å gjennomføre tiltaket skal Seljord kommune bygge om, rehabiliter Flatdals skule samt oppføre tilbygg inntil dagens skulebygning. Tilbygget er planlagt oppført mot aust som ei forlenging av dagens bygningskropp.

Flatdal skule har enkel tilkomst frå Fv 3420 (tidlegare E134) med adresse Flatdalsvegen 785. Dagens skulebygg har eit brutto areal på 840 m² fordelt på 2etg. Inngangsparti med takoverbygg samt underliggende lagerrom i 1etg. på endevegg mot aust, skal rivast. Tilbygget vil få eit bruttoareal på ca. 480m² fordelt på 2etg.

Seljord kommune ynskjer tilbod på ombygging/rehabilitering og oppføring av tilbygg som ei totalentreprise for alle bygningsmessige fag inklusive alle arkitekt-, prosjekterings- og konsulent tenester for eit komplett ombygd skulebygg og tilbygg .

Tilbodet skal leverast som eit komplett tilbod som eit ferdig bygg slik tilbodsdokument og teikningsgrunnlaget viser. Tilbodsdokumenter viser korleis ombygging/tilbygg skal sjå ut men beskriv ikkje i detalj korleis dette skal utførast.

Det skal klart gå fram av tilbodet kven som er totalentreprenørens kontaktperson opp mot byggherren.

Anskaffelsesprosedyre er "åpen anbudskonkurranse" i hht "Forskrift om offentleg anskaffelser 2006 nr. 402" med endringer og med heimel i lov 16 juli 1999 nr. 69 om offentleg anskaffelser. For denne anskaffelsen gjelder forskriftas del I og II (under EØS-terskelverdi). Tilbudskonkurransen er kunngjort i Doffin-basen (Mercell)

Kontaktperson rundt tilbodsspurnaden:

Egil Birkrem tlf. 35 05 61 63 / 916 89 618

E-post: egil.birkrem@seljord.kommune.no

2. TILLEGGSPPLYSNINGAR

Spørsmål til konkurransegrunnlaget rettas til oppgitt kontaktperson.

Alle slike spørsmål skal skje pr. e-post eller pr. brev. Dersom slike spørsmål mottas seinare enn 6 dagar for tilbodsfristens utløp, vil desse ikkje bli svart på. Svara vil bli formidla til alle tilbyderar som har meldt seg innan påmeldingsfristen for å gje tilbod.

3. KVALIFIKASJONSKRAV

Nedanfor er det ført opp dei kvalifikasjonskrav som gjelder for dette prosjektet og kva for dokumentasjon som skal leggst fram for å vurdere om krava er oppfylt.

01. Totalentreprenøren sin kapasitet

Tilbydar skal ha kapasitet tilstrekkeleg til å gjennomføre oppdrag av denne storleik og tidsramme som er satt for prosjektet.

Tilbydar med tilknytt prosjekterande samarbeidspartar må kunne stille med relevant personell i møte i Seljord (Kommunehuset eller på byggeplassen) innen 4 timar frå innkalling.



Dokumentasjon

- Oversikt over firmaet si bemanning, oppdragsmengde/ledig kapasitet
- Oversikt over firmaet si bemanning, oppdragsmengde/ledig kapasitet for utførende firma for elektro og VVS/VA arbeider
- Oversikt over tilbydars arkitekt og konsulent firma
- Erklæring om møtetid på byggeplass innan 4 timar frå innkalling.

02. Totalentreprenøren sin erfaring

Det vert kravd at tilbydar har erfaring frå minimum 3 tilsvarande oppdrag.

Referanseliste over dei viktigaste relevante oppdrag dei seinaste åra. Lista må innehalde opplysningar om verdi, tidspunkt, namnet på oppdragsgivar, kontaktperson med telf.nr/e-post for minimum 3 prosjekt.

Liste over bemanning på dette oppdrag med navn og CV for nøkkelpersonell for kvart delarbeid

Dokumentasjon

- Referanseliste
- Bemanningsoversikt
- CV på nøkkelpersonell

03. Firmaattest, skatte- og mva- attest

Tilbydar skal vera registrert i foretaksregisteret.

Stadfesting på betalt skatter og meirverdiavgift til offentlege myndigheitar ikkje eldre enn 6mnd må føreligge.

Dokumentasjon

- Firmaattest
- Attest om restanse på skatt/mva-avgift mv, ikkje eldre enn 6mnd, skjema RF 1244

04. HMS-erklæring

Tilbydar skal oppfylle krav til helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevna.

Dokumentasjon

- HMS – erklæring

05. Godkjent ansvarsrett i rett tiltaksklasse

Attest frå det sentrale faglege register (sentral godkjenning) dersom tilbydar har det.

Dersom ikkje skal tilbydar på annan måte dokumentere at tilfredstillande tiltaksklasse kan oppnås.

Dokumentasjon

- Sentral godkjenning
- Eventuelt oversikt på tidlegare lokale godkjenning for tilsvarande prosjekt

06. Finansielle og økonomiske stilling

Det skal framleggast regnskapstall for dei siste 3 åra

Dokumentasjon

- Regneskapsutdrag for dei siste 3 åra

07. Interkontrollsystem

Tilbydar skal ha eige internkontrollsystem

Dokumentasjon

- Gjere greie for firmas system for kvalitetssikring/styring.



4. TILDELINGSKRITERIER

Tildeling skal skje på basis av kva for tilbod som er det mest økonomisk fordelaktige.

Følgjande kriterier vil bli vektlagt:

	Skala	Vekting
1. Pris	1-10	70%
2. Kvalitet (kompetanse og erfaring)	1-10	30%

For kriteriet **Kvalitet** vektleggast følgjande:

Det stillast krav om erfaring med tilsvarande type prosjekter og tilbydar med samarbeidane firma for arkitekt og prosjekteringsstenester skal vere godkjent i relevante tiltaksklasser etter plan- og bygningslova.

Dokumentasjon:

- Oppstilling av prosjektmedarbeidarar, samt ei beskriving av deira roller/oppgåver i prosjektet. Det skal vedleggast CV for kvar av prosjektmedarbeidarane. Forutan personalia skal CV minimum innehalde:
Firmanamn, nåverande stilling og fartstid i stillinga, utdanning, relevante kurs.
- Totalentreprenøren si prosjekteringsgruppa sin kapasitet og erfaring i samsvar med opplysningar gitt i etterspurde kvalifikasjonskrav.
- Det skal gjere greie for type programvare som skal brukast for prosjektet, både for teikningar og for beskriving.

Evaluering av tilbod

Tilbode evaluerast av byggherren. Utarbeiding av tilbod honoreras ikkje.

5. FORHOLD TIL PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Oppdraget krev ansvarsrett etter Plan- og bygningslova i relevante godkjeningsområder for prosjektet.

6. KVA SKAL LEVERAS

Følgjande dokumentar skal returneras oppdragsgivar:

- Tilbodsbrief
- Komplette konkurransegrunnlag i utfylt stand, inkl. komplett tilbodsskjema i utfylt stand
- Den etterspurde dokumentasjon for kvalifikasjonskrava, jfr. pkt. 3.
- Den etterspurde dokumentasjon for tildelingskriteriene, jfr. pkt. 4.

7. TILBODSBEFARING

Det vil bli holdt tilbodsbefering **på Flatdalskule - Flatdalsvegen 785**,
torsdag 02.06.2022 kl. 14:00. – møteplass på skuleplassen ved Flatdal samfunnshus

8. INNLEVERING / FRIST FOR VEDSTÅING

Tilbodet skal leverast 1 – eitt eksemplar i ein anonym og lukka konvolutt merka;

"Tilbodskonkurranse for totalentreprise for ombygging-rehabilitering – tilbygg for Flatdal skule - Seljord kommune"



Tilbudet leveras til;

Seljord kommune Brøløsvegen 13A 3840 Seljord, leveras i resepsjonen.

Tilbudet kan eventuelt sendas per post til same adresse.

Fristen for innlevering av tilbud er: **fredag 24.06.22 kl. 14:00**

Fristen gjelder også om tilbudet er sendt som post. Tilbydar har ansvaret for at tilbudet kjem fram til rett tid.

Frist for å vedstå tilbudet er 90 kalenderdagar.

9. TILBODSOPNING

Det vil bli holdt tilbudsåpning **tysdag 24.06.2022 kl. 14:15.**

Det vil ikkje vere høve til å delta på tilbudsopninga.

10. TILBODSSKJEMA

I tilbudsskjema kan delsum for tekniske fag som ventilasjon, varme, sanitær, elektro og heis
Dersom tilbudssummen for prosjektering inngår i tilbudssummen for bygging opplyses det om så inngår.

FAG	Enhet	SUM eks mva
LEVERANSE		
Rigg og drift	RS	Kr
Rivingsarbeider	RS	Kr
Byggingsfag inkl utomhusarbeid	RS	Kr
Varmeanlegg, ventilasjon og sanitær	RS	Kr
Sterkstrøm, svakstrøm og SD-anlegg	RS	Kr
Arkitekt tenester – alle fag	RS	Kr
Bygningskonsulent	RS	Kr
Tilleggsarbeid jfr pkt 11		Kr
Tilleggsleveranser inkl påslag % jfr pkt 12	Kr 400 000 + %	Kr
Opsjonar jfr. pkt 17	RS	Kr
Sum eks. mva.		Kr
+ 25 % mva.		Kr
Tilbudssum inkl. mva.		Kr

Sum for tilleggsarbeid, tilleggsleveranse og obsjonar vil bli medtatt i evaluering av tilbudet for tildelingskriteriet pris



11. UNDERENTREPRENØR OG SAMARBEIDANE FIRMA

Det vil nytta følgande underentreprenørar. Som eit minimum av oppgitte firma skal oppgis entreprenør for elektro, ventilasjon og sanitær/varme installasjonar og heisleveranse. For arkitekt og konsulent teneseter oppgir som eit minimum arkitekt, rådgjevarfirma for bygningsfag, elektro og VVS/VA

Elektro entreprenør:
Luftbehandling
Sanitær/varme/va
Heis/løfteplattform
Arkitekt
Elektrokonsulent
VVS/VA-konsulent
Bygningsteknikk
Andre underentreprenør
Rivingsarbeid
Grunnarbeid
Stålarbeid
Maler/Gulvleggar

12. REGULERING AV KONTRAKTSUMMEN

Kontraktssummen skal ikkje reguleras for lønn og prisstigning, men vere fast for heile prosjektet.

13. TIMERATER FOR TILLEGGSARBEIDER

Ved avtalt rekningsarbeid som skal gjerast opp etter medgått tid, tilbyr følgjande timesatsar, inkl. alle påslag, administrasjon og sosiale kostnader eks mva.

Sakshandsamar/fagarbeidar	Timepris pr time	Timar	Sum pris
Prosjektleder, anleggsleder		30	Kr
Formann		30	Kr
Grunnarbeidar (fagarbeidar)		20	Kr
Betongarbeidar (fagarbeidar)		40	Kr
Murar (fagarbeidar)		10	Kr
Tømrer/snekker (fagarbeidar)		40	Kr
Malar/golvleggar (fagarbeidar)		20	Kr
Hjelparbeidar (alle fag)		50	Kr
Lærling (alle fag)		20	Kr
Gravemaskin ≤ 10 tonn		10	Kr
Gravemaskin 10-25 tonn		10	Kr
Lastebil		10	Kr
Arkitekt		20	Kr
Byggteknisk konsulent		10	Kr
Elektro konsulent		10	Kr
VVS/VA konsulent		10	Kr
SUM til pkt 9 Tilbodskjema			Kr

Sum medtas i tilbudssamendraget og inngår i totalentreprenørens tilbudssum



14. TILLEGGSARBEID MATERIAL LEVERANSER

Her medtas tilleggsarbeid som material leveranse på kr 400 000 eks mva.

I tilbudssummen medtas denne material leveranse inkludert påslag for forteneste.

Ved avtalt rekningsarbeid som skal gjerast opp etter medgått netto materialpris + påslag for forteneste. Påslagsprosenten material er %

Dersom tilleggsarbeid utførast som underentreprenører/firmaer er påslagsprosenten til netto kostnad/faktura %

15. ATTERHOLD/MINDRE ENDRINGAR

Tilbudet skal gjevas på dei etterspurde tenestar i tilbodsgrunnlaget. Eventuelle atterhald, mindre endringar, skal gis separat og dei skal vere presise og eintydige, og skal vere beskrivne slik at oppdragsgivar kan vurdere avvika utan kontakt med tilbydar. Dei skal anten vere prissatt eller beskriven på ein slik måte at oppdragsgivar kan vurdere dei økonomiske verdiar, slik at det blir lik handsaming av tilboda.

16. ANDRE OPPLYSNINGAR

.....

17. OPSJONAR

- Obsjon 1 HCL belysning, beskreve i elektrotekniske installasjonar kr
- Obsjon 2 Solcelleanlegg, beskreve i elektrotekniske installasjonar
- Obsjon 3 Teleslynge, beskreve i elektrotekniske installasjonar
- Obsjon 4 Papptekking – oppgi endring av godtgjering for papptekking istaden for beskrevet taktekking
- Obsjon 5 Ny persienner der det beskrevet å nytte dagens solavskjerming
- Obsjon 6 Tilgang på heile bryggeriet dvs ombyggingen frå byggestart
 Etabler inkl tilkobling av el,vatn og avløp, leie av skulebrakker i byggetida plassert nær opp til Flatdal Samfunnshus samt fjerning av skulebrakkene inkludert opprydding. Skulebrakkerigg må då innehalde 3 klasserom på 24kvm kvar, 2 kontor, wc-gard, personalrom
 Oppgi om eventuelt denne obsjon medfører endra byggetid.

Prisskjema opsjoner

Obsjon nr	Beskrivelse	Sum eks mva
1	HCL belysning	Medtatt i el-arbeida
2	Solcelleanlegg	Medtatt i el-arbeida
3	Teleslynge	Medtatt i el-arbeida
4	Papptekking	Kr.
5	Ny persienner istaden for gjennbruk	Kr.
6	Tilgang på heile byggeriet frå byggestart Etablering og leie av skulebrakker i byggetida	Kr
	Sum obsjonar	Kr.



Obsjon nr 6 medfører antall dag kortare byggetid , kalenderdagar

18. UNDERSKRIFT AV TILBYDAR

FIRMA/GRUPPE:

KONTAKTPERSON

ADRESSE

TELEFON MOBIL

E-POST

STAD

DATO

SIGNATUR/STEMPEL

19. ORIENTERING OM PROSJEKTET

01. Organisasjon

Byggherre: Seljord kommune Tlf. 35 06 51 00
Brøløsvegen 13A
3840 Seljord

Kontaktperson: Egil Birkrem Tlf. 35 06 51 63 / 916 89 618
e-post: egil.birkrem@seljord.kommune.no

Styringsgruppa: Rådmann
Kommunalsjef for Samfunnsutvikling og drift
Kommunalsjef oppvekst
Prosjektleder

Arbeidsgruppa: Einingsleder Flatdal oppvekstsenter – Pia Robertsen
Tillitsmann Flatdal skule – Jorunn Hegni
Verneombud – Ane Flatland
Leiande vaktmester – Vidar Person
Leiande reinhaldar – Ingar Deilrind
Prosjektleder – Egil Birkrem



Byggherren vil engasjere ekstern byggeleiar. Det vil bli eigen tilbodskonkurranse for denne tenesta i regi av byggherren. Denne konkurransen vil bli gjennomført slik at ein byggeleiar er kontrahert før byggearbeida tar til.

02. Orientering

Politisk handsaming

Seljord kommunestyre bestilte i 2020 eit forprosjekt «Flatdal skule», Forprosjektet er gjennomført i perioden januar til juni 2021. Bakgrunnen for forprosjektet var manglande godkjenning av Flatdal skule etter «Forskrift om miljøretta helsevern». Forprosjektet vart handsama i kommunestyre i juni 2021 med eit vedtak om at:

«I forkant av anbudsutlysning av framtidig Flatdal skule skal det gjennomførast ein marknadssamtale med aktuelle tilbydarar for å finne fram til løysingar som bidreg til eit best mogeleg skulebygg, samtidig som ein ser på andre/kostnadsreducerande løysingar. Kommunestyret ber rådmannen om å leggje fram ei sak om endeleg omfang og val av anbodstype etter marknadssamtalen»

Kommunestyre handsamsa den 07.10.21 saken på nytt etter gjennomført marknadssamtale og gjorde dette vedtak:

«Forprosjekt Flatdal skule må arbeidast vidare med for å synleggjere kva skule bygget skal innehalde som materialval, overflatebehandlings-, justering av rom- og planløyser.

Innspel frå marknadssamtalen må vurderast i denne fasen. Anbudsinnbyding for totalentreprise kan så utarbeidast.»

Arbeidsgruppa arbeide vidare med forprosjekt «Flatdal skule» og justert noko på planløyser, materialval og krav til overflater. Desse justeringa er medtatt i tilbudsgrunnlaget.

I kommunestyre den 17.03.22 vart planane godkjent med eit slikt vedtak:

«Kommunestyret vedtar å bygge ut Flatdal skule med ombygging av dagens skulebygg og oppføring av tilbygg slik revidert planløyser viser innfor ei økonomisk ramme på kr 33,5 mill eks mva. Energikrav til ombygging og tilbygg for forprosjektet vidareførast. Anbudsinnbyding for totalentreprise kan utarbeidast, i samsvar med Kommunestyrevedtak i utvalssak 79/21 den 07.10.21»

Om dagens skulebygg

Skulen i Flatdal er bygd i fleire byggetrinn/år og har behov for oppgradering/renovering for å kunne møte dagens og framtidens krav til skuleanlegg.

Skulen ser ut til å vera oppført i 3 – tre - byggetrinn. Byggeår på det fyrste byggetrinnet er ca. 1950-60, neste trinn er ca. 1965. Byggetrinn tre ble utført i tidsrommet frå 1995-96.

- Byggetrinn 1 inneheld gang, toalett, grupperom, reinhald og utelager med overdekket leskur i U. Etg. 1.etg består av gang, tavlerom, grupperom, klasserom, aktivitetssrom, HC og vindfang. Bygget er bestående av betongveggar i U. Etg., bindingsverksveggar i 1. Etg. og trebjelkelag som etasjeskillar.

- Byggetrinn 2 inneheld gang/trapperom, grupperom og to klasserom i U. Etg. Arbeidsrom, lager, kontor og personalrom i 1. Etg. Dette bygget er oppført i betong med etasjeskillar i betong. Overgangen mellom dei to byggetrinna er utført med trapp i U Etg. og som ei rampe i 1. Etg.

- Byggetrinn t3 er bygd inntil byggetrinn e1. Desse to ligg på same nivå. Dette bygget er bestående av lecaveggar i U. Etg. og med dekke av lecaplank som etasjeskillar. Bæring for dekke i stål på yttervegg og på eksisterande betongvegg. Det er òg stålbæring for takstolar i overgang mellom byggetrinna.



Forprosjektet beskriv også eit nytt skule bygg som dekker alle behov for framtidig 7-delt skule. Det presiserast at denne tilbodskonkurransen ikkje omfatter eit heilt nytt skulebygg.

Denne tilbodskonkurrans omfatter ombygging/rehabilitering av dagens skulebygg samt oppføring av tilbygg i 2 etasjer slik tilbodsgrunnlaget viser.

Tilbudgrunnlaget er orienterende og viser kva som skal byggast, sjå ut og fungere men inneheld ikkje alle detaljar korleis dette skal oppnås og utførast.

Arealer

Ombygging /rehabilitering av dagens skulebygg i 2 etg, totalt 818m².

Tilbygg i 2 etg, totalt på 480m².

03. Finansiering

Prosjektet er fullfinansiert under føresetnad at budsjetterte kostnadsrammer er tilstrekkeleg for å gjennomføre prosjektet.

04. Framdrift

Det er lagt opp til ein forebels orienterende framdriftsplan for prosjektet:

Tilbodsinnbyding	20.05.2022
Tilbodsbefering	02.06.2022
Innleveringsfrist	24.06.2022
Byggestart	august -2022
Byggetid	ca.12 mnd.
Tilbygg ferdig	01.04.2023
Ombygging ferdig	31.08.2023
Overtaking av kontraktsarbeide	31.08.2023

20. OMFANG AV YTINGA

01. Entrepriseform

Tilbod på utføringa av byggearbeida innhentas som ein totalentrepriser og kontrakt opprettas med totalentreprenør. Totalentreprenøren har ansvar for vidare prosjektering for å gjennomføre prosjektet slik tilbudsgrunnlaget med vedlegg beskriv det ferdige byggeprosjekt

02. Omfang

Rigg og drift

Riggområde er vist på situasjonsplan. Entreprenørens riggområde og byggeplassen må gjerdas inn og avlåsast i tidsrom det ikkje pågår byggearbeid. Det må medtas at byggegjelde må flyttas/endras etter at tilbygget er tatt i bruk

Det må vidare takast spesiell omsyn til at tilkomsten til riggområde er tilkomstvegen og parkering for levering og henting av barn til Flatdal barnehage.

Parkering for byggearbeider er ikkje tillat langs tilkomstvegen og foreldreparkering til Flatdal barnehage. Parkering for barneskulen er forbeholdt ansatte ved Flatdal skule , bussmøteplass/taxi for skuleskyss, -bringning og foreldrehenting av born på SFO/skulen.

Eksisterande kommunal vassledning må leggas om og forlengas ut på skuleplassen.



Kabler som kjem i konflikt med byggearbeida må leggas om/flyttas.
Byggearbeid må utførast slik at ballbingen ikkje blir skada. Ballbingen skal ver ei bruk i byggeperioden.

Reint tørt bygg

Bygget skal produseres etter Rent Tørt Bygg-metoden slik dette er beskrevet i håndboken Rent-Tørt-Bygg, forebyggende helsevern i bygninger, (RIF, siste utgave).

Bygget deles inn i Rent Tørt Bygg-soner. Følgende krav gjelder for de ulike sonene.

Alle Soner:

- Kontinuerlig rydding/fjerning av avfall og overflødig materialer
- Kun lagring for nært forestående arbeid i bygget
- All bruk av feiekost er forbudt.

Grønn sone (råbyggfasen):

- Hver enkelt entreprenør rydder etter sine arbeider. Avsluttes med hovedrydding.

Gul sone (tett bygg med ikke ferdig overflater, dører og vinduer er montert):

- Horisontale overflater (gulv og vindusposter) skal støvsuges 1-2 g pr uke
- Alt støvproduserende verktøy skal ha påmontert avslag
- Vinduer og dører skal i størst mulig grad være lukket
- Samtlige entreprenører skal utføre rydding og støvsugning etter egne arbeider

Rød sone (tett bygg med ferdige overflater)

- Totalentreprenøren rengjør alt og låser eventuelt av området
- Støvende arbeider er ikke tillatt
- Påbudt med fotposer/skoovertrekk

Byggesøknad

Totalentreprenøren må stå for byggesøknad, rammesøknad og igangsetting (IG-søknad), eventuelt eitt trinnsbyggesøknad.

Arbeidstilsynets samtykke må innhentas.

Gebyr for byggesakshandsaming og gebyr til Arbeidstilsynet medtas ikkje i tilbodet.

Her medtas også alle kostnader for rigging og drift av byggeplassen.

Rivearbeider

Det visas til Miljøsaneringsbeskrivelse og øvrige tilbudsdokumenter.

Alle rivemateriell skal leverast til godkjent mottaksplass for dei ulike rivemateriell

Byggtekniske løysingar

Tilbygget skal utførast i samsvar med dagens krav i byggteknisk forskrift TEK 17 og med den romfunksjon som teikningsgrunnlaget viser.

Solavskjerming

Dagens utvendig solavskjerming på endeveggen mot vest skal demonterast og monterast

Gjelder også solavskjerming på dagens personalrom i 2 etg

Alle vinduer skal ha solavskjerming med unntak av fasade mot nordvest

Nye solavskjerming skal styres ved el-motor som manuell bryter for kvart rom.

Materialval og utsjåande som dagens solavskjerming som skal demonteras/remonterast.

Graderopereolar



Det medtas garderobe plass for 80 elevar bestånde av sittebenk/skohyller og overliggande hattehyller med underliggande 4-kroka opphengskrokar korkar, 2 opphengskrokar pr elev. Mellom kvar elevplass skal det monterast liten skillevegg. Sittebenk/skohylle skal ikkje ha understøtte på gulv.

Innventar

Veggmonterte hyller i lagerrom skal monterast i rom 1/24 reihold lager, 1/23 Reinhold, 1/31 Lager SFO, 2/23 R.lager.

Det monterast stålhylleknektar i kvit utførelse med laminathyller i bredde på 40 cm.

Det medtas 60lm hyller.

Utvendige arbeider

Bjørketre mellom dagens skule og parkering skal fjenes og rot fjernast.

Terreng langs sløydssal må senkast pga ved ny nødutgang frå sløydssalen.

Terreng langs fasaden mot vest må tilpassast til 2 nye nødutgangar.

Murvegg som blir synleg pga terrengsenking må få ein utsjåande som dagens synlege murvegg

VVS-tekniske installasjonar som

Omfattar varmelegg, ventilasjon og sanitær

Det visast til vedlegg 2 i tilbodsdokumentet

Elektrotekniske installasjonar

Omfattar sterkstrøm installasjonar, svakstrøm installasjonar og SD-anlegg i og på bygget.

Det visast til vedlegg 3 i tilbodsdokumentet

Brannstrategi:

Det visast til vedlagt notat brannstrategi. Alle kostnader for oppfyljing av krav i vedlagt brannstrategi medtas i tilbodet.

Heis/løftebord

Det skal installerast heis/løftebord som tilfredstiller krav til universell utforming.

Er beskrevet i elektrotekniske installasjonar

03. Ytingar prosjektering

Oppdraget omfattar alle prosjekteringsytingar som ordinært er nødvendig for gjennomføring av tiltaket.

Oppdraget omfattar all den dokumentasjon og dei ytingar som er nødvendig for å oppnå offentleg godkjenning av tiltaket, for gjennomføring av tiltaket i produksjonsfasen og for perioden fram til og med reklamasjonsfasen.

Det ynskast rådgjeving mht. val av løysingar og kostnads- og driftskonsekvensar knytt til desse, særleg med mht. val av tekniske løysingar.

Prosjekteringa må innhente all informasjon som er nødvendig for å utføre oppdraget etter avtalen. Det er rådgivaransvar å foreta registreringar av alle forhold som kan ha påverknad på gjennomføringa av oppdraget og framdrifta i prosjekteringsarbeida.

Prosjekteringa sine ytingar skal basere seg på RIF veileiaren "Rådgiver- og prosjekteringsoppdrag". Følgjande presiseringar gjerast:



1. Miljøplan alle fag

Prosjekteringsgruppa skal utarbeide ei prosjekt tilpassa miljøplan for å sikre at prosjektet blir utført ihht. oppdragsgivars intensjonar

- Stikkord:
- Energibehov / isolering
 - Oppvarmingssystem
 - Energikjelder
 - Styringssystem / sentral driftskontroll
 - Ventilasjonssystem
 - Miljøsanering av eksisterande bygg – utført av Byggherren
 - Materialval

Seljord kommune ynskjer at kommunale bygg i Seljord skal ha fornybar energi som energikjede. Oppvarminga skal baserast på vannbåren varme med mogeleg til avkjøling av balansert ventilasjonsanlegg.

2. SHA

Følgjande oppgåver skal ivarettas og inkluderast i tilbodet

- Totalentreprenøren skal samordne alle vernetenester på byggeplassen i hht. Arbeidsmiljølovens § 2.2, byggherrens plan for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA-plan) i samsvar med byggherreforskriften
- Gjennomføre vernetenesta i samsvar med byggherrens SHA-plan og byggherreforskrifta
- Byggherren ved Byggeleiar skal vere HMS-koordinator for prosjekteringsfasen.
- Byggherren ved Byggeleiar skal vere HMS-koordinator for utføringsfasen

3. Ytingar for produksjonsoppfølging

01. Produksjonsoppfølging

- Utarbeiding av all supplerande arbeids- og detaljteikningar, beskriving og berekningar som er nødvendig for gjennomføring av prosjektet.
- Foreta fortløpande korrigering / ajourføring av teikningar, mengdebeskriving og annan nødvendig dokumentasjon.

02. Overtakingsforretning

- Deltaking i befaringer, møter og liknande i samband med byggherrens overtaking av byggeprosjektet.
- Ajourføre teikningar og annan dokumentasjon for bruksløyve og byggherrens overtaking av bygningen(r).

03. "Som bygget"- teikningar

- Utarbeiding av komplett ajourførte teikningar, jfr. oppdragsgivars krav til digitalt teikningsmateriale, beskriving, skjema og FDV – dokumentasjon i henhold til RIF-normen.

4. DAK i totalentreprenørens prosjektering

Lagoppbygging utførast ihht. NS 8351.

Alle teikningar i prosjektet skal vere digitale og skal følgje lagoppdelinga ihht. NS 8351. Det er primært ynskjeleg med 3 og 4-sifret nivå.

Kvar ein skild teikningsdel, for eksempel ein strek, ein tekst eller ein figur, skal ligge på eitt og bare eitt nivå. Teikningsdelar som er lagt på galt lag i teikninga, blir vurdert til ikkje mottatt av nokon påfølgjande part i planleggings- og byggeprosessen. Den som



mottar og sidan overfører ei teikning, får ei forplikting for at lagdelinga er korrekt, eventuelt uendra, og vil måtte kunne påvise dette, kfr. NS 3451.

Alle teikningar skal innehalde nødvendig informasjon for å kunne utfør det arbeid teikninga beskriv og vere strukturert slik at informasjonen kan sammanhaldas / utveklas mot kommunens kartverk m.v. Krav til digitalt teikningsinnhald gjelder heile prosjektet t.o.m. "som bygget teikningar".

21. KONTRAKTSVIKÅR

01. Generelle vilkår

NS 8407 "Alminnelige kontraktsbestemmelser for totalentrepriser", (okt 2010), gjelder som alminnelige kontraktvilkår, med eventuelle etterfølgjande endringar/suppleringar.

Det opprettas ein kontrakt mellom oppdragsgivar og tilbydar iht.

Byggeblankett 8417 A Formular for kontrakt om totalentreprise

Tilbydar må sjølv ordne kontraktstilhøva internt dersom det er fleire firma i gruppa.

02. Spesielle vilkår

Følgjande spesielle kontraktvilkår vil gjelde ved inngåing av kontrakt:

- Av faktura skal vise kontraktssum, utført arbeid hittil samt frådrag for tidlegare faktura. Det knytnas dagmulkt til avslutning av følgjande ferdig tilbygg og sluttdato for alle kontrakstarbeid.
- Byggherren har eigedomsretten til all prosjektdokumentasjon som elektronisk lagra dokumentasjon, til bruk ved forvaltning, drift og vedlikehald, seinare ombyggingar og påbyggingar samt til anna bruk som naturleg knyter seg til prosjektet.
- Tilbodets honorarsatsar ved endringsarbeid er faste.
- Alle utgifter til kontor, sekretær- og teiknetenester, DAK, plotting, kopiering til eige bruk, forsending, cd-ar og minnepenn for distribusjon av prosjektinformasjon og teikningar, telefon, telefaks, -kommunikasjon, lokale og ordinære reiser (som reiser til prosjekteringsmøter, møter med byggherren og hans organisasjon, byggemøter og reiser til andre prosjekterande i samband med utføring av oppdraget) skal vere inkludert i tilbodet.
- Det vurderas ikkje som avbrudd og gir ikkje erstatning dersom det blir avgjort å:
 - Ikkje sette igang oppdraget. Alle førebuingar til igangsetting som dei prosjekterande gjer før skriftleg stadfesting frå byggherren er gitt, skjer på totalentreprenøren si rekning.
 - Stille prosjekteringa på vent inntill nødvendige politiske vedtak er gjennomført.
- "Ethiske retningslinjer for bygg- og anleggskontrakter og kontrakter innafor kjøp av varer og tenester" gjerast gjeldane for dette prosjekt.